

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 25.09.2018

Vår ref.: 201834546-6

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22959528 / baso@nve.no

BioFish AS - søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Eidesvatnet i Kvam herad, Hordaland - høyring

NVE har motteke ein søknad frå BioFish AS, datert 11.09.2018, om løyve til regulering og uttak av vatn frå Eidesvatnet i Kvam herad.

BioFish AS har i dag ein mellombels konsesjon, som går ut 01.01.2020. BioFish AS søker om varig løyve etter vassressurslova til regulering og uttak av vatn frå Eidesvatnet til produksjon av smolt. Det vert søkt om eit kontinuerleg vassuttak på inntil 5 m³/min (83 l/s). Det vert og søkt om å regulere Eidesvatnet, mellom kote 32,25 (LRV) og kote 33,00 (HRV). Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttaket er i all hovudsak allereie etablert. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 30 l/s i perioden 01.09-31.10 og 17 l/s i perioden 01.11-31.08.

Søknaden skal behandlast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort i Hordaland Folkeblad og Bergens Tidende av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Dersom de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte BioFish AS v/Ole Fredrik Skulstad på tlf. 90739530 eller e-post: olefredsgs@gmail.com.

Vi ber Kvam herad leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Kvam Rådhus i Norheimsund fram til **06.11.2018**. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at uttalar vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd og seinast innan **06.11.2018**. I tillegg kan ein sende uttalar per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Søknader til kommunen (sendt direkte til kommunen frå søkar)
 Kunngjeringsstekst
 Informasjonsark

Mottakerliste:

Fiskeridirektoratet Region Vest
Forum for natur og friluftsliv Hordaland
Friluftsrådet Vest
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Kvam herad
Mattilsynet
Naturvernforbundet i Kvam
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland
Norges Miljøvernforbund
Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland
Statens Vegvesen - region vest

Kopi til:

BioFish AS